Faktaark

Prinsipp for planlegging av IKT-løysingar

Staten må sikre god utnytting av dei store IKT-investeringane. IKT-systema må leggje grunnlaget for enklare samhandling og utveksling av informasjon. Gode verkemiddel er gjenbruk og fleirbruk av IKT-løysingane i forvaltninga og standardisering av mellom anna format og protokollar. I tillegg er det viktig å ha nokre felles prinsipp å halde seg til i utviklinga av nye IKT-løysingar i staten eller når eksisterande system skal byggjast om. Felles prinsipp sikrar at dei IKT-løysingane som kvar etat eller sektor kjøper, utviklar og nyttar, vert underlagde sentrale krav om betre brukarorientering og meir samordning på tvers av offentlege einingar. Einsarta prinsipp for forvaltninga kan over tid gjere forvaltninga meir endringsdyktig ved at datasystem i verksemdene i større grad vert sette i samanheng med systema i andre verksemder. Det gjer integrering av systema enklare.

Prinsippa vil vere eit rammeverk for ein felles IKT-arkitektur i offentleg sektor. Denne arkitekturen må ha ein fornuftig balanse mellom universelle og lokale løysingar og ha respekt for at delar av forvaltninga treng spesialisert teknologi og eigne program for å få utført oppgåvene sine slik lovverket krev og dei politiske styresmaktene forventar.

Regjeringa legg til grunn at statlege verksemder skal nytte følgjande prinsipp i planleggingа av nye IKT-løysingar eller ved vesentleg ombygging av eksisterande løysingar:

Tenesteorientering: IKT-system skal byggjast opp som ei samling avgrensa delsystem som legg til rette for mest mogleg gjenbruk.

Interoperabilitet: IKT-system må kunne utveksle og dele data og informasjon med andre system gjennom standardiserte grensesnitt.

Tilgjenge: Elektroniske brukartenester skal vere universelt utforma, og brukarane skal kunne nytte dei utan omsyn til tid, stad og kanal.

Tryggleik: Informasjon og tenester skal tilfredsstille krav til konfidensialitet, kvalitet og tilgjenge.

Openheit: Offentlege IKT-system skal vere baserte på opne eller godkjende standardar. Systema skal ikkje setje spesielle krav til teknologi hos brukarane.

Fleksibilitet: Forvaltninga skal etablere og utvikle IKT-system på ein slik måte at dei er føre-budde på endringar i bruk, innhald, organisering, eigarskap og infrastruktur.

Skalerbarheit: IKT-system skal vere føre-budde på endringar i talet på brukarar, datamengd og livslengda til tenesta.

FORNYINGS- OG
ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET